

ALT FOR NORREG?

*BASERT PÅ SAKER PUBLISERT I DAGSREVYEN
OG PÅ NRK.NO I JANUAR 2013.*

Av Trude Bakke

NRK, PB 8500, Majorstuen, 0340 Oslo
Sentralbord 23 04 70 00



Metoderapport til SKUP 2014

Trude Bakke, NRK Dagsrevyen

Tittel på prosjektet: Alt for Noreg?

Kor og når publisert:

NRK Dagsrevyen og nrk.no januar 2013

Redaksjon og redaksjonsadresse/tlf.:

NRK Dagsrevyen
Bjørnstjerne Bjørnsons plass 1
0340 Oslo

Journalisten sin adresse og telefonnummer:

Trude Bakke, trude.bakke@nrk.no, til 99 22 48 16

Postadresse: Same som redaksjonsadresse

Innhald

Genuint nytt i saka

Starten

Den sentrale problemstillinga ved starten av prosjektet

KFOR-Styrkene
Norske krigsveteranar

Organiseringa av arbeidet, metodebruk, kildebruk, problem undervegs m.m

Hans Bjarne
Nevrokirurgen
Utarma uran
Forsvaret
Omfanget
Motstand
«Nu kjør vi»

Publisering

Fyrste saka
Eit tospann
Den viktige dag to
Dørene opnar seg
Dag 3
Fredag
Går endå djupare
Tabben
Den fyrste undersøkinga

Tid og slikt

Spesielle erfaringar

Resultatet av arbeidet

Takk!

Dette er dei publiserte TV-sakene

Dette er dei publiserte nettartiklane

Vedlegg

Genuint nytt i saka:

- Forsvaret har sletta viktig stråledata etter utenlandsoppdrag. KFOR-soldatar var utstyrt med personleg dosimeter som skulle registrere strålenivået i Kosovo, men data frå desse dosimetra er ikkje teke vare på. Forsvaret kan difor ikkje slå fast kor mykje radioaktiv stråling soldatane faktisk vart utsett for den gongen, eller om strålenivået var helsefarleg.
- Fleire unge veteranar har fått sjeldne typar hjernesvulst, som ein ikkje kan utelukke kjem frå stråling. Det stadfestar både legar og Forsvaret sjølve.
- Fleire hundre veteranar slit med å få ut informasjon frå Forsvaret, berre i Statens Pensjonskasse ligg 300 saker på vent grunna sein sakshandsaming
- Forsvaret har ikkje noko oversikt over hyppigheita av hjernesvulst/kreft blant dei som har delteke i utanlandsteneste. Fyrst etter våre oppslag bestemte Forsvaret å kryss-sjekke sivile helseregister mot Forsvaret sine eigne helseregister. Dette har no blitt innført som ny praksis, som skal gjerast jamnleg.
- Reportasjane presse fram ei omfattande undersøking av helsa til KFOR-soldatar. Forsvaret har innhenta informasjon frå allierte i Kosovo, for å få meir oversikt over strålefaren. Saman med kryss-sjekkinga av sivile helseregister munna dette ut i rapporten «Helse for stridsevne» i mai 2013.

Starten:

Det var tilfeldig at eposten hamna hjå meg. Den hadde tikka inn på fellesmailen til NRK Hordaland 24.september 2012 og var på veg i den virtuelle søpla. Eit vakkent vaktsjefhovud vidaresende den, og ba meg sjekke om det kunne vere noko. Eposten var frå Hans Bjarne. Ein tidlegare KFOR-soldat som hadde fått hjernesvulst. Og som i lengre tid hadde prøvd å få Forsvaret til å fortelje han kor mykje stråling han hadde vore utsett for på Balkan. Forsvaret svarte aldri på breva hans.

Eg trudde dette skulle bli ein reportasje om byråkratiet i Forsvaret, som trenerte eit enkelt tilsvær til ein soldat. Men etter første møtet med Hans Bjarne, og første telefonsamtalen med Forsvaret, skjønte eg at dette skulle bli alt anna enn enkelt. Det skulle etterkvart handle like mykje om stråledata som var sletta, om ei sjukdomsoversikt som ikkje fantes, og om fleire soldatar som var blitt uforklarleg sjuke.

Den sentrale problemstillinga ved starten av prosjektet:

Utgangspunktet var at Forsvaret ikkje svarte på fleire førespurnader frå Hans Bjarne. Han hadde sendt ei bekymringsmelding fordi han frykta medsoldatar skulle ha same diagnose. Eg måtte først og fremst finne ut om det Hans Bjarne sjølv fortalte, faktisk stemde. Vidare ville eg vite;

- kvifor svarte ikkje Forsvaret, trass fleire purringar?
- kva viste strålemålaren Hans Bjarne hadde hatt rundt halsen?
- kunne stråling ha gjort han sjuk?
- hadde fleire KFOR-soldatar fått same diagnose?
- kva visste Forsvaret om strålefaren i Kosovo?
- kva visste Forsvaret om omfanget av hjernesvulstar blant KFOR-soldatar?
- kva var blitt gjort for å kartlegge stråleeksponeringa i Kosovo i ettertid?
- og dersom ei slik kartlegging er gjort – kva synter den?

KFOR-styrkene

Kosovo Force var ei NATO-leia avdeling på meir enn 50 000 soldatar som skulle skape ro og fred i Kosovo ved årtusenskiftet. 3500 norske kvinner og menn deltok. Hans Bjarne (av tryggleiksgrunnar ynskja han at eg berre brukte førenamn då eg intervjuha han, og dette vil eg videreføre også i denne rapporten) tenestegjorde i Kosovo med Telemark Bataljon i 13 månader, i perioden 2001 til 2003, og med same avdeling i Afghanistan 2003-2004.

Norske krigsveteranar

Tilrettelegging og hjelp for veteranar har fått auka fokus siste åra, mykje grunna massiv kritikk mot styresmaktene på manglande ivaretaking av denne gruppa. Media har fortalt mange historier om soldatar frå Balkan, Libya og Afghanistan som har fått helseplager i etterkant av tenesta. Mest kjent er kanskje dei som fekk Guldkrigslidninga – ei rekke symptom som forsking har slått fast stammar frå teneste utført i Irak.

I 2011 lanserte regjeringa handlingsplanen «I teneste for Noreg», som inneheld 126 konkrete tiltak som skal ta vare på dei som har delteke i utanlandsteneste. Same år vart Forsvarets veteraneneste oppretta, som no vert leia av generalmajor Robert Mood.

I «I teneste for Noreg» står det mellom anna:

- *Ein god veteranpolitikk sørger for soldatane også etter avslutta oppdrag. Dei som får problem må vite at dei alltid kan henvende seg til Forsvaret for råd og rettleiing.*

- *Ein god veteranpolitikk sørger for forsking og kartlegging for å gje betre kunnskap om veteranane sin situasjon.*
- *Forsvaret skal følge opp rapporten om Gulfveteranane.*

Ein skulle altså både forske og kartlegge for å få vite meir om veteranane sin situasjon. Men å sjå nærare på strålefaren på Balkan var ikkje nemnt med eitt ord, sjølv om ein hadde utstyrt soldatane med verneutstyr i frykt for stråleskader.

Eg ville difor undersøke nærare kva fylgjer strålinga i Kosovo kunne fått.

Organiseringa av arbeidet, metodebruk, kildebruk, problem underveis m.m

Eg byrja arbeidet i september 2012, etter at eg fekk eposten frå Hans Bjarne. Fyrste steg var å gjere noko kjappe nettsøk på kva som var gjort på temaet tidlegare. Var det fortalt historier om KFOR-soldatar med hjernesvulst tidlegare? Eg fann nokre gamle artiklar om italienske og belgiske soldatar som hadde fått blodkreft. Felles for dei var at dei hadde alle tenestegjort i Kosovo. Også her i Noreg var vi oppteken av strålefaren på byrjinga av 2000-talet. Fleire nettartiklar omhandla at Forsvaret frykta strålinga frå utarma uran på Balkan. Andre artiklar omtalte norske soldatar som hadde mangla skikkeleg verneutstyr. Temaet hadde altså vore oppe nokre år tidlegare, men så vart det stille. At Hans Bjarne tenkte på strålinga i Kosovo var ikkje så merkeleg, det hadde vore eit stort tema den gongen. Med dette i bakhovudet møtte eg hovudpersonen sjølv. Møtet med Hans Bjarne vart gjort ein ettermiddag, innimellom arbeid med andre saker på distriktskontoret i Hordaland, som eg då var tilsett på.

Hans Bjarne forklarte litt om diagnosen sin, kva type hjernesvulst han hadde hatt, kva legen hadde sagt som sette han på stråle-sporet, og den manglande responsen frå Forsvaret. Han hadde vore nøyne med å ta vare på all dokumentasjon. Både dokument frå nevrokirurgen som opererte han, og breva sendt frå Ombudsmannen for Forsvaret.

Men kor skulle ein byrje? Det var mange lause trådar, mellom anna;

- kor mange KFOR-soldatar har fått ein slik sjeldan hjernesvulst?
- er dei overrepresentert samanlikna med resten av befolkninga?
- kva type stråling vart dei utsett for på Balkan?
- kunne strålinga ha gjort dei sjuke?

September blei til oktober medan eg leita på internett og i atekst etter artiklar om utarma uran, KFOR-styrkene, stråling på Balkan, verneutstyret soldatane hadde, forsking på utarma uran sin verknad på menneskekroppen – eg leita i alle krika og kroker på verdsveven. Etterkvart vart eg mest oppteken av det eg ikkje fann; eit register som hadde oversikt over kreft blant soldatar som hadde tenestegjort i utlandet. Med Guldkrigslidinga i minnet, burde ein ikkje sjekke om andre soldatar som hadde vore i utsette områder hadde uvanlege sjukdommar? Og når Forsvaret i nettartiklane frå 2001 så bestemt uttrykte at utarma uran ikkje var farleg for menneskekroppen over tid, kvifor fantes det ikkje forsking som underbygde det?

Hans Bjarne

Dykkarinstruktør og småbarnsfar Hans Bjarne, frå austlandet og busett i Bergen fekk i 2011 plutselig sterkt hovudverk, kvalme og synsforstyrningar. I løpet av nokre veker vart han hasteoperert, hjernesvulsten var då stor som ein tennisball. I oppfølginga etter operasjonen fekk Hans Bjarne spørsmål frå nevrokirurgen; «vart du utsett for radiokaktiv stråling før nokre år sidan?» Den tidlegare KFOR-soldaten kom til å tenke på strålemålaren han bar rundt halsen på jobb i Kosovo. Kunne det vere ein samanheng? Og hvis han hadde fått hjernesvulst, kunne

nokre av soldatvenene hans ha det same, kanskje utan å vite om det? Han måtte varsle, og sende ei bekymringsmelding til Forsvaret. Det gjekk veker, månader, men det kom aldri noko svar frå den tidlegare arbeidsgjевaren.

Nevrokirurgen

Det var nevrokirurg Christian Helland på Haukeland Universitetssjukehus som opererte Hans Bjarne.

Eg tør påstå at uttalen frå Helland om Hans Bjarne sin tilstand var avgjerande for desse sakene. Etter ein telefonprat med Helland i slutten av november, fekk eg nemleg stadfestat at denne type svulst var svært uvanleg for ein mann under 30 år. Helland meinte vidare at svulsten hadde byrja vekse for ti år sidan, samstundes som Hans Bjarne tenestegjorde i Kosovo. Han understreka også at det er vanskeleg å slå fast årsaka til at nokon får hjernesvulst, men at stråling utgjer ein stor risiko for denne diagnosen.

TV-intervjuet med Helland vart gjort ein ettermiddag veka etter. Eg møtte han på nevrokirurgisk avdeling på Haukeland. Med meg hadde eg bileta av hjernesvulsten til Hans Bjarne. Helland forklarte korleis svulsten hadde vekse fram, at hjernesvulsten var av type meningiom, og kva forsking seier om samanheng mellom stråling og hjernesvulst.

Utarma uran

Stoffet vert brukt i panserbrytande ammunisjon, gjev frå seg svak alfastråling og er omstridd. Når granata treff målet vert uranet brent av i ei støvsky. Det er dette støvet fagfolk meiner kan vere helseskadeleg. Fleire land har difor kjempa for forbod mot stoffet. Då NATO bomba Kosovo på slutten av 90-talet, vart det brukt nettopp utarma uran. Men FN skal på byrjinga av 2000-talet hatt problem med å måle den radioaktive strålinga i Kosovo, fordi støvet frå uranet var spreidd over større områder. Eg fann informasjon på ulike nettsider og i ulike nettartiklar. Men eg fekk også hjelp frå Forsvarets Forskningsinstitutt. Leiar Steinar Høibråten stadfestat i ein epost at spørsmål kring utarma uran dukkar opp frå tid til anna. Han fortalte vidare at FFI ikkje hadde sett grundig på temaet sidan rapporten «Ammunisjon med utarma uran – bakgrunn og verknader» frå 2001. 29.november 2012 ber eg Høibråten om ein telefonprat, for å få vite meir om stråling og bruk av dosimeter. Han dreg dei store linene, ber meg gje han litt tid, og så skriv han i ein epost at «eg har prata med nokre kollegar på FFI og med Per Inge Ohrstrand, som er sjef for Forsvarets ABC-skole, om bruken av persondosimetre i Forsvaret tidleg på 2000-talet. Dosimeter vart innført som ein del av standardutrustinga med bakgrunn i debatten kring bruken av utarma uran i Kosovo.» Vidare skrev Høibråten at dei som var utstyrt med dosimeter ikkje var sett på som spesielt utsett for strålerisiko, men at innføring av persondosimeter nok ikkje var vellukka, då mange av dei vart liggande ubrukt. Avslutningsvis skrev FFI-leiaren at det ikkje såg ut til å ha vore noko system for rutinemessig programmering og avlesing av dosimetra, og at «det nok betyr at det heller ikkje er lagra data om stråledosar.»

Ohrstrand fulgte opp i ein ny epost dagen etter, der han skriv at «på grunn av manglande personleg førehandskunnskap, gav e geit førebels svar i går. Eg har no vore i kontakt med vedkommande som var CBRN-offiser i KFOR1, samt han som var hans sjef.» Ohstrand understreka at også desse to personane meinte det aldri var påvist radiologiske trugsmål i det norske operasjonsområdet.

Også ein rapport utarbeidd av Statens Strålevern slo allereie i 2001 fast at utarma uran ikkje var skadeleg for menneskekroppen; «under føresetnad av at det vert rydda ordentleg opp i områda der utarma uran har blitt brukt, synes det å ikkje vere noko akutt helsefare for menneske».

Men kvifor hadde soldatane fått utlevert personlege strålemålarar, dersom det ikkje var stråling der? Og når ein ikkje hadde lagra data, korleis kunne ein då vite at målingane ikkje var unormalt høge? Eg måtte sjekke med fleire kjelder, og sokte verdsveven etter tidlegare arbeid

gjort på veteranar og stråling. Det nærmeste eg kom var ein rapport om Gulfkrigslidinga, utarbeidd av ei arbeidsgruppe i 2011 på oppdrag frå Forsvarsministeren. Eg bestemte meg for å prøve å få fatt i ein eller fleire av dei seks medlemmane i gruppa. Den fyrste eg ringde var Vidar Lehmann, tidlegare oberst og lege i FN-styrkene. I arbeidet med rapporten hadde gruppa mellom anna sett nærmere på helsefarene knytt til utarma uran og stråling. Dei besøkte hadde lest internasjonale studier om emnet, besøkt forskingsmiljø i Dallas og Washington, og skriv i sin rapport at «det gjenstår imidlertid eit spørsmål om langtidsverknad på helsetilstanden ved sterkare eksposisjon av utarma uran, og då først og fremst i samband med andre helsetilstandar.»

Lehmann meinte difor det no kunne vere nyttig å sjå nærmere på samanheng mellom helseplager og tenesta på Balkan.

Årsaka var at det var sterk forureining i Kosovo, og områder med mykje stråling som enno ikkje var ferdig kartlagt. Ifylgje Lehmann er ikkje siste ord sagt om uran sin biologiske verknad. Han meinte stoffet vert liggande i kroppen over tid, og at ein ikkje vil sjå helseskader før fleire år etter at ein har blitt eksponert. I tillegg manglar forsking på folk som har blitt eksponert i felten, og det manglar grundige undersøkingar av naturvitenskapeleg art.

Påstanden frå Lehmann vart underbygga av Jo Haldor Kvello, veteran og farmasøytsmed, som sat i same arbeidsgruppa som Lehmann. Eg fekk kontakt med han på telefon 7.desember. Ifylgje Kvello hadde det vore stille frå Forsvaret etter at rapporten var levert. I eit svar frå Forsvarsstaben står det at «arbeidet frå gruppa skal vurderast nærmere». Etter det hadde ikkje verken Lehmann eller Kvello hørt noko meir om kva som skjer med problemstillingane dei reiste i sin rapport.

Lehmann tipsa meg vidare om professor Randall R. Parrish, ved Universitetet i Leicester, England. Parrish og medforskar Robert Haley hadde begge bidrige i arbeidet med rapporten til den norske arbeidsgruppa under eit besøk i Dallas i 2010. Parrish er ein av dei fremste forskarane på utarma uran i dag, og har gjort fleire studier på kva utarma uran gjer på kroppen, mellom anna blant fabrikktilsette som oppheldt seg i områder med stoffet over ein periode på fleire tiår. Han underbygga påstanden frå Lehmann, ved å fortelje at det aldri er gjort noko studie av kor lenge utarma uran vert verande i kroppen. Dermed kan ein ikkje slå endeleg fast kva langtidsverknader stoffet har.

Forsvaret

Eg venta med å kontakte Forsvaret dei fyrste vekene eg jobba med denne saka. Eg ville ha mest mogleg kunnskap om mellom anna stråling, utarma uran og verneutstyr før eg lot Forsvaret kome med sine innspel. Pressevakta viste meg fyrst til FSAN, Forsvarets Sanitet, som har ansvar for oppfølginga av helsa til veteranar, og som skulle ha oversikt over strålemlålarane. Eg fekk god hjelp tidleg, men i fleire av samtalane med både pressekontaktar og fagfolk vart det tydeleg uttrykt at tematikken rundt stålefare på Balkan var eit ikkje-tema for Forsvaret i dag. Som tidlegare nemnt fekk eg fyrst svar frå Forsvaret sin ABC-skole, Per Inge Ohrstrand. I seinare epostutveksling med Ohrstrand fekk eg også svar på kostnaden ved dosimetra. Forsvaret brukte den gongen 69 millionar kroner på personlege strålemlålarar som i praksis var ubrukelege.

Eg kontakta også Forsvarsdepartementet om sakene eg jobba med, og 4.desember sende eg mellom anna desse spørsmåla til major Christian Øverli;

- Kva type stråling ynskja ein å verne seg mot i KFOR?
- Kvifor gjekk nokon med strålemlålar og ikkje andre?

Øverli stadfesta via epost at det på den tida var uro for eksponering frå ioniserande stråling, relatert til problematikken kring utarma uran. Han skreiv òg at ikkje alle fekk eige dosimeter mellom anna fordi ein ikkje hadde eit regelverk for å innhente og forvalte dosedata.

Etter at eg kontakta FSAN, nærmere bestemt 6. desember, fekk også Hans Bjarne eit brev i posten. FSAN beklaga den seine sakshandsaminga hans, og vedgjekk at «vi kan ikkje slå fast i dag kva stråling KFOR-soldatane vart utsett for.» Dei skriv vidare at «FSAN har ikkje registrert andre tilfeller av svulstar, men kan likevel ikkje utelukke at det fins fleire tilfeller.»

Omfanget

Førebels hadde eg altså ikkje funne fram til nokon eller noko som kunne seie noko om omfanget av hjernesvulstar i denne gruppa. Eg prøvde først å sjekke i Kreftregisteret. Men her var ingen statistikk på talet sjuke krigsveteranar. Heller ikkje Pasientregistret hadde ei så spesifikk oversikt. Eg sjekka også både med Helsedirektoratet og Helsedepartementet, men utan hell.

Eg kontakta Forsvarets Veteranteneste 3.desember, spesifikt med spørsmål knytt til omfang av hjernesvulst, og fekk svar frå Anders Fevik at «Det er verdt å merke seg at vi ikkje kartlegg helseproblem blant veteranane. Til dømes kan det tenkast at menge som kontaktar oss om erstatning og dokumentasjon har eit helseproblem – dette vert då registrert som «erstatningssak» og eller «dokumentasjonssak», og ikkje under helsekategoriane.»

Sidan Forsvaret ikkje hadde oversikt over antal, og heller ikkje norske helseresgister måtte eg tenkje breiare. Eg gjekk vidare til utanlandske kjelder. Kva erfaringar hadde våre allierte? Canadiske styrker var i same område som norske soldatar i Kosovo. Hadde dei fått tilfeller av hjernesvulst blant sine soldatar? Eg kontakta det canadiske forsvarsdepartementet via både telefon og epost. Men som her heime var det også her problem med å finn rette kjelda. Ingen ville svare på spørsmåla mine. Fyrst 12.februar, over ein månad etter at eg publiserte første reportasje, kom svaret frå kommunikasjonsrådgjevar Tom Andrew. Han viste til ei nettside for Operation Kinetic, som var det canadiske bidraget til KFOR, og understreka at dei ikkje hadde registrert uvanleg mange tilfeller av verken kreft eller hjernesvulst.

Kva då med andre allierte? Italienske aviser skreiv på byrjinga av 2000-talet om ei rekke soldatar som hadde døydd av leukemi etter teneste i Kosovo og Bosnia. I Belgia vart det rapportert om ni tilfeller av blodkreft. Eg kontakta dei ulike ambassadane og Forsvarsdepartementet, men ingen hadde noko oversikt over sjukdomshyppighet blant KFOR-soldatar. Også i Noreg vart det i 2001 reist spørsmål om strålefare, då tidlegare major Svein Ruset fekk akutt blodkreft etter å ha delteke i fredsbevarande operasjonar i Bosnia. Likevel vart det ikkje lagt noko langsiktig plan for å helseundersøke soldatane for kreft/hjernesvulst eller andre stråleskader i åra som kom.

Heller ikkje tillitsvalde i Forsvaret hadde fått tilbakemeldingar om tilfeller av hjernesvulst. Rune Rudberg i Befalets Fellesorganisasjon avviste at dei kjente til slike tilfeller. Det gjorde også Norges Offisersforbund.

Men korleis skulle Forsvaret kunne vite om talet på soldatar med hjernesvulst var uvanleg høgt? Einaste helsekontrollen Hans Bjarne hadde fått utført etter teneste var eit skjema han fylte ut då han kom tilbake frå Afghanistan. Der skulle han krysse av om han hadde merka plager, anten mentalt eller fysisk. Men for han var skjemaet lite nyttig; hadde han vore utsett for stråling ville det ta år for ein svulst å utvikle seg. Det ville ikkje vere synlege symptom året etter heimkomst.

Motstand

Forsvaret og Forsvarsdepartementet sine pressekontaktar vart etterkvart meir interesserte i saka. Eller rettare sagt, meir interesserte i å antyde at dette ikkje var noko sak. Og eg la ideen vekk. Fleire gonger. Byrja tvile på om det var noko å gå ut med. Vi hadde fyrst tenkt publisering i desember, men utsette det til januar. Eg kunne jo ikkje bevise noko, kunne ikkje slå fast at Hans Bjarne hadde blitt sjuk på Balkan. Eg kunne heller ikkje bevise at utarma uran var helseskadeleg. Det var jo knapt forsking på temaet, og det var etterkvart ei allmenn sanning at dette stoffet ikkje var farleg i dei mengdene det vart brukt i Kosovo. Og når då Forsvaret ikkje hadde teke vare på stråledata, var det umogleg å vite kor sterk stråling Hans Bjarne hadde vore utsett for.

Eg hadde berre ein enkelt soldat og ein enkelt nevrokirurg. Samanhengen mellom svulsten og tenesta kunne vere tilfeldig. Risikerte eg å skremme både tidlegare soldatar og familiar ved å indikere ein mogleg samanheng? Var dette nok? Hadde eg sjekka alt grundig nok?

Eg missa litt motet, og måtte restarte hovudet. Når dette skjer, plar det vere ein ting som fungerer for meg; nemleg tenkekart.

Eg gjekk inn på eit kontor, låste døra, skreiv «Hans Bjarne» med raud tusj på tavla og sirkla det inn. Så delte eg tavla i to; dei som kunne underbygge Hans Bjarne sin mistanke om stråleskader, og dei som avviste samanhengen. Nevrokirurg Helland, lege Lehmann og forskar Parrish fekk plass på eine sida. Høibråten ved FFI, Ohrstrand ved FSAN og Statens Strålevern fekk plass på andre sida. Utarma uran måtte eg skrive midt imellom dei to sidene, då ein ikkje kan slå fast om det er helseskadeleg eller ikkje. Innimellom kunne eg putte ulike avisartiklar frå inn-og utland som anten stadfesta ein mistanke om stråleskader, eller omtalte forhold som avviste ein samanheng.

Når eg då tok eit steg tilbake og såg på tavla såg eg at biletet var ganske balansert – eg hadde sterke aktørar på begge sider. Med andre ord; eg hadde ei sak. Om ikkje anna nok materiale til ein reportasje. Når det var så mykje usikkerheit knytt til strålefaren i Kosovo, var det betimeleg å reise spørsmål kring det. Eg henta inn redaksjonssjef, reportasjeleiari og vaktsjef og gjekk gjennom tankekartet for dei. Forsikra meg om at dette ikkje berre var interessant i mitt hovud, men også i deira. Og det var det.

Eg kontakta no også veteranorganisasjonen SIOPS, ved leiar Anders Grindaker, for å høyre om dei hadde vore borti tematikken knytt til hjernesvulst tidlegare. Det hadde dei ikkje. Tilbakemeldingane dei fekk frå veteranar gjekk mest på plager knytt til den mentale helsa. Likevel, Grindaker var kjend med kjensla av å vente lenge på svar frå Forsvaret. Berre i Statens Pensjonskasse låg 300 saker på vent grunna treig sakshandsaming. Og det eit lite år etter at regjeringa lanserte ei lang rekke tiltak som skulle betre kvardagen for veteranane.

Det var altså ikkje uvanleg at ein tidlegare soldat fekk problem med å få ut informasjon knytt til eiga teneste. Det var altså ikkje ei enkelsak der eit brev hadde forsvunne i massen. Grindaker meinte Forsvaret lot vere å svare på bekymringsmeldinga av ein grunn; dei hadde ikkje noko godt svar å gje.

«Nu kjør vi»

Eg hadde jamnleg kontakt med Hans Bjarne gjennom heile prosessen, det var ein del av det tillitsforholdet vi begge var avhengige av. Han fekk all informasjon om tilbakemeldingar frå Forsvaret, kva nevrokirurgen hadde sagt, kva den tidlegare FN-legen hadde påstått, og på kva områder eg stanga i veggen.

Vi hadde fleire møter i forkant av intervjuet som vart gjort tidleg i desember, ein månad før publisering. Det passa seg slik at Hans Bjarne den veka skulle gjere sitt fyrste dykk etter den omfattande hjerneoperasjonen. Dykket vart rammehistoria i den fyrste reportasjen. Sjølve

hovudintervjuet gjorde vi heime hjå han. Så var det tilsvaret frå Forsvaret. Eg vart kasta fram og tilbake, mellom politisk leiing og fagfolk. Det var som om Forsvaret ikkje klarte å bestemme seg for kven som skulle uttale seg. Dersom vi skulle spørre om kvifor Hans Bjarne ikkje hadde fått svar på sine førespurnader, var det FSAN som skulle uttale seg. Dersom vi skulle ha spesifikk informasjon om strålemlålarane, var det ABC-skolen som skulle intervjuast. Og dersom vi ville snakke om strålefaren i Kosovo, var FFI rette instans. Forsvarsdepartementet ville ikkje på bana, dette var Forsvaret sitt ansvar var tilbakemeldinga frå pressevakta. Vi valde ei todelt løysing, med å intervju sjefen for ABC-skolen, Per Ohstrand, til bruk i reportasjen, og ved å invitere ein representant for FSAN til å kome i studio.

Publisering

Fyrste saka

Den fyrste reportasjen gjekk på lufta i Dagsreyven tysdag 08. januar 2013. I etterkant av intervjuet var sjef for Forsvarets Sanitet, Dag Hjelle, intervju i studio. Reportasjen fortalte Hans Bjarne si historie, frå soldat til pasient, og at han etterspurte svar. Hjelle i studio beklaga at Hans Bjarne ikkje hadde fått tilbakemelding frå Forsvaret, og kalla det ein glipp i systemet. Han stod likevel fast på at det ikkje var noko grunnlag for å tru at soldatar hadde blitt sjuke av stråling i Kosovo. Det kunne stogga her, med ein tidlegare soldat som endeleg fekk svar frå Forsvaret, og som fekk stadfesta sin mistanke; ingen hadde teke vare på stråledata frå den tida.



Når ein har jobba lenge med ei sak, har ein gjerne tenkt eit publiseringssløp før ein sender fyrste saka. Ein har altså planlagt ein reportasje nummer to, kanskje også nummer tre. Men eg hadde førebels berre denne eine saka. Ei enkelt historie om ein soldat som vart sjuk på uforklarleg vis. Det einaste som kunne gjere dette til noko større var at fleire soldatar også var sjuke. Men om dei fantes, var dei nærmeste umogleg for meg å finne. Eg var rett og slett avhengig av at dei tok kontakt med meg. Det var stille, både på telefon og på epost i timane etter Dagsrevyen. Minutta gjekk seint. Eg hadde kanskje forventa ein reaksjon frå eit eller anna hald. Nokon som kjende seg att, og som ville fortelje om det. Og så skjedde det. Klokka 22.07 same kveld tikka det inn ein epost frå ein tidlegare KFOR-soldat. Også han hadde fått operert vekk ein hissig hjernesvulst. Og no var han sjuk igjen.

Eit tospann

Då eg byrja planlegge publisering inn gjekk eg tidleg samarbeid med nettreporter Sølve Rydland. Han fekk innsyn i alt eg hadde av dokument, til dømes breva Hans Bjarne hadde sendt til Forsvaret, forskingsrapportar om utarma uran, og intervjuet eg hadde gjort med lege Lehmann og professor Parrish. Etterkvart som publiseringa starta og saka vaks i omfang, forstod vi at vi hadde så mykje informasjon at vi måtte lage noko for fjernsyn og noko for nett. Vi laga til dømes ei eiga nettsak på det mislukka innkjøpet av strålemålarar i Forsvaret. Vidare bestemte vi å lage omfattande nettartiklar basert på tv-reportasjane, slik at ein kunne nå eit større publikum.

Den viktige dag to

Ein kan ha ei så god enkeltsak ein berre vil, men det er naudsynt å halde tematikken varm på dag to skal det kome noko større gjennombrot. Men eg stod fast. Eg hadde som sagt fått ein epost kvelden før frå endå ein soldat, men han kunne ikkje stille til intervju, og eg kunne ikkje snakke om eit fleirtal av svulstar med berre eitt nytt tilfelle for hand. Det enda med at eg laga ei sak med reaksjon frå veteranorganisasjonen SIOPS, som kravde betre oppfølging av tidlegare soldatar. Men det var for lite til å skape dei store overskriftene. Veker, ja månader med møter, intervju, undersøking, kartlegging – skulle det ende med eit magapask på dag to?

Dørene opnar seg

«Hei. Såg reportasjen din på nyheitene i dag. Eg har også vore i Kosovo, året før Hans Bjarne var der. Eg har hatt ein større svulst i bakhovudet.» Eposten tikka inn på kvelden. Nokre korte setningar, litt i same stil som eposten frå Hans Bjarne nokre månader tidlegare. Endå ein soldat som hadde vore alvorleg sjuk. Heller ikkje han ville la seg intervju. Men det ville Gerd Jacobsen. Ei mor som hadde hatt ein sterkt mistanke heilt sidan sonen døydde av hjernesvulst tre år tidlegare. Ho ringde meg tidleg torsdag føremiddag, to dagar etter at fyrste reportasje hadde gått på lufta. Ho fortalte at då sonen Geir tenestegjorde i Kosovo, snakka han fleire gonger om frykten for stråleskader. Om at dei oppheldt seg i områder der strålinga var så sterkt at ein mobiltelefon ikkje fungerte. Om at han stilte spørsmål ved om dei hadde nok verneutstyr på seg. Det vart etterkvart mange telefonar – anten frå nokon som var sjuke, hadde vore det, eller kjende nokon som var det. Eg måtte systematisere all informasjonen som kom inn:

- Type diagnose
- Tidspunkt for diagnose
- Kven som hadde behandla dei
- Kva verneutstyr dei hadde hatt i Kosovo

Felles for fleire av dei som hadde fått hjernesvulst var at dei hadde oppheldt seg i same område som Hans Bjarne. Men kva type verneutstyr dei hadde hatt, varierte med kva kontingent dei var i. I ein epost skriv ein tidlegare soldat at «eg kan ikkje hugse å ha fått noko åtvaring om stråling. Kan heller ikkje hugse at utarma uran var noko tema.»

Utanom historia om Geir Jakobsen og Hans Bjarne, hadde eg no dokumentasjon som syntet at ytterlegare to tidlegare KFOR-soldatar hadde hjernesvulst, altså til saman fire personar med svært sjeldne og uforklarlege diagnoser.

Dei fire var:

1. Hans Bjarne, operert for hjernesvulst i 2011
2. Geir Jakobsen, døydde av hjernesvulst i 2010
3. Mann, operert for hjernesvulst i 2010. Var no sjuk med svulst nummer to.

4. Mann, operert for hjernesvulst i 2011. Utalte seg anonymt i nettsak under namnet «Roger».

Men kor pålitelege var desse kjeldene? Dei melde seg til meg sjølve. Og kor påliteleg var informasjonen dei gav meg? Sjølv om dei var tidlegare soldatar med sjeldne diagnoser, kunne det vere tilfeldig at dei hadde blitt sjuke nokre år etter endt teneste. Eg syntes det var vanskeleg å ikkje ha meir fakta, mykje var påstandar, også påstanden frå soldatar at dei hadde mangla verneutstyr. Eg kunne ikkje bevise det, og det var lett for Forsvaret å avvise det.

Det var også vanskeleg at fleirtalet av dei som kontakta meg ikkje ynskja å stå fram. Nokre sa det var fordi dei frykta represalias frå den tidlegare arbeidsgjevaren, andre ville ikkje utsetje familie og vene for det å bli eksponert i ei slik type sak. Det vart utfordrande for meg i kontakten vidare med Forsvaret og Forsvarsdepartementet. Eg sat på mykje informasjon om hjernesvulst-tilfeller, men det var avgrensa kor mykje av informasjonen eg kunne dele.

Men så tikka det inn nokre setningar i ein epost som eg verkeleg trengde på det tidspunktet. Den tidlegare KFOR-soldaten i slutten av 20-åra skreiv «eg veit eg har bilete av ein kollega som står oppå ei utbomba panservogn utan verneutstyr.»

Eg hadde biletbevis. Og dei var tydelege. Soldatane står oppi eit utbombra krater og har berre vanleg arbeidsuniform på seg. Forsvaret kunne ikkje lenger seie at samlege soldatar hadde fått verneutstyret dei trengte. Men kva dei skulle vernast mot, var framleis usikkert. Stråledata var tapt. Kva no?

Dag 3

I Dagsrevyen torsdag 10. januar fortalte Gerd Jacobsen om korleis sonen hadde blitt sjuk etter utanlandsteneste. I same reportasje valde eg å bruke intervjuet med tidlegare FN-lege Vidar Lehmann, som slett ikkje ville avvise samanheng mellom stråling på Balkan og hjernesvulst. Forsvaret stod på sitt, Dag Hjelle i FSAN vart intervjuet igjen; det var ingen grunn til å bekymre seg.

Og den haldninga har ein sett i ei sak knytt til stråling og Forsvaret tidlegare. Som tilsett på Bergen-kontoret i denne tida, kjende eg godt til Kvikk-saka. Fleire av dei som tenestegjorde på KNM Kvikk fekk born med misdanningar grunna stråleskader. Det tok årevis frå fyrste mistanke om stråleskade til fakta vart slått fast.

Kanskje var det historia som gjorde at det no byrja røre seg i den politiske leiinga. Forsvarsministeren kravde full gjennomgang av dei konkrete sakene, for å undersøke ein mogleg samanheng. Og ho ba soldatar som var sjuke om å melde frå.

Og det gjorde dei. Det fekk eg merke. Dei ringde meg eller sende epost, for å fortelje om uforklarleg sjukdom, andre fortalte om personar dei hadde tenestegjort med som hadde blitt sjuke. Dei første dagane etter publisering snakka eg med fleire titals tidlegare KFOR-soldatar. Dei fleste av dei var unge, under 30 år:

- «Takk for at de set søkjelys på militært personell og helse. Eg kjenner sjølv ein kollega som har fått hjernekreft.»
- «Når det gjeld ammunisjon med utarma uran, var dette noko vi soldatar snakka oss i mellom om.»

Eg sat i telefonen fleire timer denne kvelden, eg hadde ikkje før lagt på før den neste ringde. Også epostane rann inn, frå soldatar som hadde noko på hjarte. Noko av innhaldet i desse

epostane har eg sitert i denne rapporten, anna har eg lete vere. Det er rett og slett for omfattande å skulle fortelje om innhaldet i alle.

Fredag

Talet på soldatar med hjernesvulst som hadde teke kontakt med meg var no oppe i åtte. Seks av dei kunne eg dokumentere, to andre var eg mindre sikre på grunna mangel på dokumentasjon. Difor valde eg å bruke uttrykket «fleire soldatar» i publiseringa, det var rett og slett vanskeleg å talfeste.

Dei to nye på lista var:

- Gard Erlend Roland – operert for hjernesvulst i 2011
- Mann, døydde av hjernesvulst 2012 (enka kontakta meg via epost)

Og no melde Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjonar seg på; dei kravde same kartlegging av Kosovo-veteranar som allereie var gjort av dei som hadde tenestegjort i Irak. Så breidt ville ikkje Forsvaret gå ut, men fredag 11.januar varsla Forsvaret fylgjande strakstiltak;

- kobling av Forsvaret sitt helseregister mot sivile helseregister for å sjå om det er overhyppigheit av sjukdom
- innhenting av informasjon frå allierte i Kosovo
- Veteranenesta auka bemanninga og utvida opningstida for vaktelefonen i helga som fulgte

Robert Mood i Forsvarets Veteraneneste var gjest i Dagsrevyen. Han lova ein omfattande gjennomgang.

Går endå djupare

Gard Erlend Roland hadde hatt ein svulst som vart oppdaga på ein CT-skanning på Kongsberg sjukehus. Også han hasteoperert, men kreften er uhelbredeleg. Roland var ein del av KFOR-styrkene frå 2002-2003. Eg bestemte meg for å intervju han veka etter. 15. januar, same dag som historia om Roland gjekk på lufta, var KFOR-soldatane tema på eit møte mellom Forsvarsministeren og Forsvarsleiinga. Dagsrevyen fekk vere med då Anne-Grethe Strøm-Erichsen og ei rekke Forsvarstoppar varsle ytterlegare tiltak;

- kartlegging av stridsrelaterte hendingar eller miljøpåverknader som soldatar i felt kan ha vore utsatt for
- fyrste undersøking skulle vere klar innan tre månader

Forsvarsministeren uttalte at når det no var reist spørsmål kring stråling og Kosovo, var det naudsint med ei omfattande kartlegging. Dei kunne ikkje oversjå det. Samstundes understreka sjef for FSAN, John Maxfield Steineger at Forsvaret meinte dei ikkje hadde feilvurdert risikoen for stråling på Balkan.

Forsvaret viste også til tidlegare publiserte undersøkingar, som påstod at utarma uran ikkje var farleg for menneskekroppen i dei dosane bruk i Kosovo. 14. januar 2013 vart eg oppringt av Forsvarssjefens talmann, Bent-Ivan Myhre, som same kveld sende meg rapporten «Cancer surveillance in Italian army peacekeeping troops deployed in Bosnia and Kosovo, 1996-2007: Preliminary results». Rapporten understrekar at det ikkje er uvanleg mange krefttilfeller blant desse soldatane. Det var berre eit problem med rapporten; den tok føre seg tilfeller fram til 2007. Kva med åra etter? Eg kom heile tida tilbake til det same problemet, det

fantes ikkje ferske undersøkingar på soldatar som hadde vore utsett for utarma uran ved årtusenskiftet. Kanskje ville den varsla undersøkinga gje svar.

Veka etter, den 22.januar vart Hans Bjarne innkalt til møte med Forsvarets Veteranteneste. Det vart understreka endå ein gong kor viktig det var å få sett søkjelys på denne tematikken. Robert Mood uttalte at «Hans Bjarne er ein kollega som har ei historia som kan gje oss lærdom når vi jobbar vidare med slike saker.»

Tabben

Med tanke på at samtlege reportasjar var basert på ein mistanke, og ikkje på fakta, måtte eg vere særstilt nøyne i ordvalet. Det handla om å vere balansert, om å ikkje overdrive og om å vere så nøytral som mogleg. For kvar reportasje eg laga, fekk eg vaktsjef, reportasjeleiar og redaksjonssjef til å lese gjennom kommentaren eg hadde skrive. Hadde eg vore nøyne nok? Hadde eg dekning for orda eg hadde valt? Så skjedde det som ikkje skulle skje. Eg var upresis. Ein enkelt setning, men det var nok - og det gjekk ikkje upåakta hen. I reportasjen 15. januar seier eg at «Canadiske styrker trakk seg ut av området i Kosovo grunna helserisiko.» Informasjonen hadde eg frå fem ulike KFOR-soldatar, som fortalte dette uavhengig av kvarandre. Dei påstod at leiarane deira fleire gonger hadde sagt at canadiarane trakk seg grunna helserisiko. Dette var også tema i fleire avisoppslag i Noreg på denne tida, utan at Forsvaret avviste påstanden då.

Eg hadde prøvd å kontakte det canadiske Forsvaret for å få informasjonen stadfesta, men ikkje fått endeleg tilbakemelding. Det skulle sjølv sagt vore understreka at dette var ein påstand. Men eg var for kjapp på avtrekkaren, setningen var ufullstendig og feil. Og eg skjønte det idet Forsvarssjefens talisman Bent-Ivan Myhre ringde meg same kveld. Han kravde at eit feil inntrykk vart retta opp i. Eg visste at Forsvaret fulgte nøyne med på alt arbeidet eg gjorde, og fekk det stadfesta endå ein gong. Myhre hadde kontakta canadiske styresmakter etter at innslaget vart sendt, og fått tilbake at «No, the Canadian Forces did not withdraw out of Kosovo in 2000 for health reasons.» Kva no? Risikerte eg at ein unyansert setning skulle velte heile prosjektet?

Eg måtte først få stadfesta informasjonen sjølv frå det canadiske forsvaret. Via den canadiske ambassaden vart eg sendt vidare til forsvarsattaché Janine Knackstedt i Nederland, og deretter til ein kontaktperson i Canada. I møte med redaktøren min, Unni Arnøy, vart det bestemt at vi måtte laga ei ny sak for å rette opp feilen. Eg sende fleire epostar til kontaktpersonen i det canadiske Forsvarsdepartementet og fekk etterkvart svar frå kaptein Denny Brown; «Canadiske styrker forlot Kosovo i 2000 etter avtale med NATO, slik at meir personell kunne flyttast til Bosnia. Helserisiko knytt til forureining var ikkje eit tema.»

Korleis skulle vi presentere saka? Som ei orsaking? Ei oppklaring? Eg meinte eg hadde nok kjelder til å reise spørsmål kring den canadiske tilbaketrekinga. Men det måtte ikkje bli framstilt feil igjen. Inngangen i Dagsrevyen 6.februar vart difor at «canadiske styrker avviser at helserisiko gjorde at dei trakk seg ut av Kosovo.» Forsvaret var nøgde med reportasjen, eg hadde ryggen fri igjen. No venta begge partar på den varsla kartlegginga av KFOR-soldatane.

Den fyrste undersøkinga

Det skulle ta lenger tid enn venta å få dei fyrste resultata frå Forsvaret sine undersøkingar. I mellomtida heldt eg kontakt med fleire av kjeldene mine, som no hadde varsla Forsvaret om hjernesvulst-dignosen, slik dei hadde blitt oppmoda til å gjøre. Og dei var spente på resultatet som skulle komme. Kor mange andre enn dei var sjuke? Og hvis det var fleire enn «normalt», kva då med erstatningskrav? Fleire spørsmål reiste seg. Og 6.mai 2013 kom det soldatane hadde venta på.

Forsvarsministeren la fram rapporten «Helse for stridsevne» på ein pressekonferanse på Akershus Festning. Hans Bjarne reiste frå Bergen for å vere med. Skulle han endeleg få svar?

Undersøkinga synte at det førebels ikkje er fleire krefttilfeller/hjernesvulstar hjå Kosovoveteranar samanlikna med resten av befolkninga. Men undersøkinga er mangelfull. Den tek berre føre seg sjukdom registrert i Kreftregisteret i fram til 2010. Det betyr til dømes at Hans Bjarne ikkje er ein del av denne statistikken, då heller ikkje fleire av dei andre som eg har vore i kontakt med i denne prosessen. Forsvaret vedgår at dei manglar data, og at desse undersøkingane må følgast opp i åra som kjem. Legen som har gjennomført undersøkinga for Forsvaret kan heller ikkje utelukke ein samanheng mellom stråling og hjernesvulst, og oppmoda på pressekonferansen soldatar om å vere på vakt mot symptom som kan indikere slik sjukdom.

Rutinane for å følge opp veteranar er også endra. No vert sivile helseregister og register i Forsvaret jamlegg kryssa mot kvarandre, og ein har eit særskilt øye til nettopp denne gruppa.

Tid og slikt

Eg skal vere ærleg å seie at eg synes det er vanskeleg å tidfeste arbeidet mitt. Fyrste møtet med Hans Bjarne vart gjort i arbeidstida, og eg fekk ein dag til research. Resten er gjort innimellom anna arbeid med andre saker. Til hovudintervjuet med Hans Bjarne gjekk det ein heil arbeidsdag, medan dei andre optakta vart i løpet av timer då det var ein ledig fotograf å oppspore, anten ein føremiddag eller ettermiddag. Eg har brukte kveldar og helgar til å snakke med mange kjelder, lese epostar, dokument, vere i møter og svare på spørsmål som har dukka opp undervegs. Men eg fekk eposten frå Hans Bjarne i slutten av september. I byrjinga av januar publiserte eg fyrste reportasje. Saka har fulgt meg tett i dette tidsrommet. Eg sat att med ein solid stabel med rapportar, artiklar, epostar, notatar frå telefonsamtalar og notatar frå møter.

Kjeldekritikk

Når nokon hevdar sjukdom kan skuldast eit bestemt forhold som ikkje kan dokumenterast, er det særskilt viktig å etterga informasjonen dei gjev. Soldatane som melde seg reiste nokre kritiske spørsmål:

- hadde dei oppheldt seg i områder i Kosovo der det var stråling?
- kunne det vere andre grunnar til at dei var blitt sjuke?
- hadde dei vore utsett for anna type stråling før –eller etter opphaldet i Kosovo?

At dei hadde vorte sjuke av tenesta, var sjølv sagt ein påstand. Men noko kunne ein dokumentere, til dømes at dei hadde tenestegjort i Kosovo, og at dei hadde vore i områder der det var stråling. Eg ba også om dokumentasjon på at dei hadde ein type hjernesvulst som eventuelt var sjeldan for deira alder. I reportasjane var eg nøye på å ikkje slå fast at dei hadde vorte sjuke av tenesta, det var eit spørsmål som blei reist. Der det var mogleg, ba eg også om å få snakke med andre personar dei sjuke soldatane hadde vore saman med i Kosovo. I Hans Bjarne sitt tilfelle fekk eg namn og nummer på ein av troppsjefane hans, som stadfestat at dei hadde vore i eit område med strålefare, og at dei hadde fått utdelt personlege strålemålarar.

Spesielle erfaringar

Det er få andre reportasjar eg har vore så mange gongar i tvil om som den fyrste saka eg publiserte om Hans Bjarne. Eg bestemte meg tidleg for å legge den litt vekk, sjekke litt ekstra, ta litt fleire telefonar før eg eventuelt gjekk vidare. Det er noko eg er glad for i dag. Desse reportasjane har lært meg kor utruleg viktig det er å ha brei dokumentasjon av påstandar,

forsking som kan underbygge påstandar frå fleire hald, og kjelder som uavhengig av kvarandre underbygger ei meining. Særskilt vart det tydeleg i møtet med Forsvaret; ein stor og mektig etat med lang erfaring og mange fagfolk i ryggen. Det krevde mykje av meg å ikkje feige ut då dei rasla med sablane. Det har også vore spesielt å jobbe med ein reportasje som i så stor grad handlar om ein mistanke, og ikkje fakta. Det er ingen som kan seie at soldatar har fått stråleskader i Kosovo. Det blir ein mistanke, men ikkje noko ein kan slå fast.

Men så må ein ikkje gløyme at ein har vore borti problematikken før, med stråling som ein ikkje kan bevise og ei stor sak som byrjar med ein mistanke.

På Bergenskontoret som eg då var tilsett på, var Kvikk-saka frisk i minnet. Nokon gonger tek det tid før ein eventuelt kan sjå ein større samanheng.

Men etterkvart som eg gjekk lenger inn i materien, vart det lettare å stille motspørsmål til den bastante haldninga frå Forsvaret. Professor Parrish, som er ekspert på temaet utarma uran, seier altså at det ikkje er gjort forsking på langtidsverknaden stoffet har i kroppen. Det stadfestar også lege Lehmann og farmasøyten Kvello, som begge har jobba med omfattande rapportar knytt til Guldkrigslidinga. Forsvaret kan heller ikkje seie nøyaktig kor sterkt stråling KFOR-soldatane vart utsett for. Dei har ikkje lagra data, nokre soldatar mangla verneutstyr, og målarane som vart utdelt fungerte ikkje skikkeleg. Og ein veit altså ikkje kor mange KFOR-soldatar som har blitt sjuke i etterkant – fram til desse reportasjane har det mangla ei oversikt.

Og så har det vore særskilt lærerikt å jobbe så tett på ei kjelde som eg har gjort med Hans Bjarne. Å minne seg på at ein skal vere kritisk også til dei som er kritiske sjølve.

Resultatet av arbeidet

Eg er på ingen måte ferdig med dette temaet. Åra som kjem vil syne om omfanget av hjernesvulst-tilfeller eller anna type kreft er høgare blant tidlegare KFOR-soldatar enn elles i befolkninga. Og det gjenstår å sjå om det no vert lettare for veteranar å få informasjon frå sin tidlegare arbeidsgjevar.

Dette er resultatet etter våre reportasjer:

- Ei omfattande undersøking av helse til KFOR-veteranar vart gjennomført. Forsvaret innhenta informasjon frå allierte i Kosovo, for å få meir oversikt over strålefaren. Fyrste resultat vart lagt fram i rapporten «Helse for stridsevne» i mai 2013, men arbeidet held fram i åra som kjem.
- Forsvaret skal jammleg kryss-sjekke sivile helseresgister mot eigne helseresgister, for å sjå etter overhyppigheit av hjernesvulst og kreft.
- Lovnad om at dei som kontaktar Forsvaret med bekymringsmelding i framtida ikkje skal måtte vente så lenge på svar som Hans Bjarne har gjort.

Personleg er eg kanskje mest spent på det siste punktet på denne lista. Forsvaret lova i fjar Hans Bjarne ei konkret og personleg tilbakemelding på om det var unormalt stort omfang av svulst/kreft blant dei som har tenestegjort i utlandet. I januar 2014 har han enno ikkje fått noko brev i postkassen.

Takk!

Eg vil fyrst og fremst få takke Hans Bjarne. Utan hans mot og sterke historie hadde det kanskje aldri blitt reist noko spørsmål kring strålefare og KFOR-soldatar. Eg vil også få takke alle dei andre soldatane eg har fått bli kjent med i denne prosessen – tusen takk for at de ville dele og fortelje.

Takk også til redaksjonssjef Dag Olav Mosevoll, som hadde trua på både meg og prosjektet heile vegen, også dei dagane då eg stanga hovudet i veggen.

Og takk til kollega Sølve Rydland, som gjorde reportasjene mine sjåarverdige også på verdsveven. Utan Sølve sine solide nettsaker hadde eg aldri nådd det store publikummet som eg gjorde.

Dette er dei publiserte TV-sakene:

Eg har her skrive introduksjonen til kvar enkelt fjernsynsreportasje, slik dei vart presentert frå studio.

Dagsrevyen 8. januar 2013:

Ein tidlegare FN-soldat fryktar han fekk hjernesvulst etter å ha vorte utsett for stråling i Kosovo. Då han tok kontakt med Forsvaret for å få informasjon fekk han først ikkje svar. No viser det seg at data som kunne synt om han vart utsett for stråling ikkje er teke vare på.

<http://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/nnfa19010813/08-01-2013#t=1m59s>

Vestlandsrevyen 9.januar 2013:

Krigsveteranar må få betre oppfølging. Det seier fleire politikarar etter at ein FN-soldat i går fortalte si historie her i Vestlandsrevyen. Han fekk hjernesvulst etter teneste i Kosovo og Afghanistan, men han fekk aldri svar på sine spørsmål til Forsvaret.

<http://tv.nrk.no/serie/distriktsnyheter-vestlandsrevyen/dkho99010913/09-01-2013#t=59s>

Dagsrevyen 10. januar 2013:

Dei siste dagane har fleire FN-soldatar teke kontakt med NRK. Dei har fortalt at dei har fått påvist hjernesvulst etter endt utanlandsteneste. Det var tysdag vi fortalte om ein veteran som ikkje fekk svar frå Forsvaret på kva slags stråling han kan ha vore utsett for i Kosovo.

<http://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/nnfa19011013/10-01-2013#t=4m39s>

Dagsrevyen 11.januar 2013:

Forsvaret vil sjekke tidlegare FN-soldatar opp om helseregister for å sjekke om unormalt mange har fått kreft. Også fleire andre tiltak vert iverksett etter våre reportasjar om soldatar med hjernesvulst.

<http://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/nnfa19011113/11-01-2013#t=5m41s>

Dagsrevyen 15.januar 2013:

Forsvarsministeren varsler ytterlegare tiltak for å avklare om norske FN-soldatar har vorte utsett for stråling i utanlandsteneste. I dag møtte Forsvarsministeren representantar frå Forsvaret for å diskutere denne saka. Fleire har kontakta Forsvaret etter NRK sine reportasjar.

<http://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/nnfa19011513/15-01-2013#t=10m1s>

Vestlandsrevyen 22. januar 2013:

Det har gått to veker sidan den tidlegare NATO-soldaten Hans Bjarne reiste eit stort spørsmål; har soldatar som tenestegjorde i Kosovo vorte sjuke av stråling? Det fekk større fylgjer han han sjølv hadde trudd.

<http://tv.nrk.no/serie/distriktsnyheter-vestlandsrevyen/dkho99012213/22-01-2013#t=9m22s>

Dagsrevyen 6.februar 2013:

Så skal vi til saka om tidlegare NATO-soldatar som fekk påvist hjernesvulst. Canadiske styrsmakter avviser at det var helserisiko som var årsaka til at dei trakk sine styrker ut av Kosovo.

<http://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/nnfa19020613/06-02-2013#t=15m27s>

Dagsrevyen 6.mai 2013:

Det kan ikkje påvisast at Kosovo-veteranar får kreft oftare enn andre. Det syner ei helseundersøking Forsvaret la fram i dag. Forsvaret vil likevel ikkje utelukke at soldatar kan ha vorte utsett for kreftframkallande stråling og vil fylgje dei opp i åra som kjem.

<http://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/nnfa19050613/06-05-2013#t=19m57s>

Dette er dei publiserte nettartiklane:

Det vart også laga fleire nettartiklar knytt til tematikken KFOR-soldatar og hjernesvulst. Nokon er basert på tv-sakene, andre er artiklar med eigne vinklingar som vi ikkje tok ut på fjernsyn.

<http://www.nrk.no/hordaland/kosovo-soldat-fekk-hjernesvulst-1.10864643>



SVULST PÅ HJERNEN: Hans Bjarne fekk aldri svar då han mistenkte at hjernesvulsten som vart oppdaga i 2011 kunne stamma frå oppdraget i Kosovo ti år tidlegare.

Gav radioaktiv stråling i Kosovo Hans Bjarne hjernesvulst?

Den tidlegare utanlandssoldaten fekk aldri svar på uromeldingane han sende til Forsvaret.

Publisert 08.01.2013, kl. 19:17 Oppdatert 08.01.2013, kl. 19:18

Våren 2011 hadde hovudsmertene og ubehaget vorte uuthaldeleg og migrenetablettane han fekk hjå legen virka ikkje. Dykkarinstruktøren busett på Askøy vest for Bergen måtte sjukemeldast. Han greidde ikkje lenger å gjera jobben sin.

Svaret Hans Bjarne fekk då bedriftslegen sendte han vidare til hjerneskanning var likevel meir alvorleg enn han hadde frykta.

– Det var jo eit stort sjokk. Du får eit bilet av korleis det ser ut inne i hovudet ditt og det såg rett og slett ikkje bra ut, seier 31-åringen som møter NRK i heimen på Askøy.

– Som ein tennisball

Bileta av hjernen til den tidlegare soldaten viste ein svulst som hadde vakse fram over fleire år.

– Om lag som ein tennisball, seier Hans Bjarne.

Få dagar etter at den sjeldne hjernesvulsten vart oppdaga vart Hans Bjarne innlagt på sjukehus og svulsten vart operert vekk. Men det tok ikkje lang tid før spørsmåla melde seg. Kor lenge hadde han hatt svulsten på hjernen? Kva var årsaka?



HANS BJARNE I DAG: 31-åringen måtte ta ein lengre pause frå jobben som dykker etter at svulsten vart oppdaga.

- **Har du opplevd liknande historier? Ta kontakt med NRK sin journalist!**

Det var under ein samtale med kirurgen at mistankane om at svulsten kunna ha samanheng med den tidlegare jobben som yrkessoldat på utanlandsoppdrag.

– Eg snakka med kirurgen om kva som kunne vera grunnen, det var jo litt mistenkeleg at eg hadde vore i utanlandsteneste i dei periodane legen meinte at svulsten hadde byrja å veksa.


– Sikker risiko

Det var Christian Helland, som er nevrokirurg på Haukeland universitetssjukehus, som opererte Hans Bjarne. Han seier det ikkje kan utelukkast at svulsten kan ha stamma frå radioaktiv stråling



UTELUKKAR IKKJE RADIOAKTIV STRÅLING: Nevrokirurg Christian Helland ved Haukeland universitetssjukehus kan ikkje utelukke at svulsten skuldast radioaktiv stråling.

Foto: Ingfrid Fossåskaret / NRK



– SOM EIN TENNISBALL: Hjerneskanninga viser svulsten som vart oppdaga på hjernebarken til Hans Bjørne.

Foto: Privat

– Når det gjeld stråling så føler me at me kan seia at ja, det er ein sikker risiko for utvikling av hjernesvulstar, seier Helland.

Det er alltid vanskeleg å slå fast kvifor personar får hjernesvulstar, men kirurgen er klar på at radioaktiv stråling av ein eller annan art kan ha vore grunnen til svulsten.

– Anten det er i form av radioaktivt nedfall eller ikkje-tilsikta stråling, kan slik stråling medverka til å danne svulstar, fortel nevrokirurgen.

Ifølgje Helland kan svulsten til Hans Bjarne ha vore på hjernebarken til den tidlegare soldaten i minst ti til fem år.

Tenestegjorde i Kosovo

Om lag ti år før hjernesvulsten vart oppdaga tenestegjorde Hans Bjarne i Kosovo. Før avreise vart han og dei andre soldatane informerte om at dei kunne verta utsett for radioaktiv stråling i landet dei skulle tenestegjera.

Utstyret var deretter. Soldatane vart utstyrt med dosimeter, stråleårmarar som skulle registrera om dei vart utsett for radioaktivitet.

– Eg tenkte at dette var ein del av det som skulle ta seg av tryggleiken vår, som alt det andre personlege utstyret me hadde med oss, seier Hans Bjarne. Særleg meir tenkte han ikkje over dosimeteret han bar rundt halsen.

Seinare er det dokumentert at det radioaktive stoffet uran vart brukt i panserbrytande prosjektilar under krigføringa i det tidlegare Jugoslavia. Men undersøkingar gjort før dei norske soldatane reiste viste at det ikkje var stor sjanse for strålingsfare i området dei skulle til. Utarma uran er heller ikkje eit svært radioaktivt stoff.

Fekk aldri svar frå Forsvaret

Mistankane om at det kunne vera ein samanheng mellom hjernesvulsten og utanlandsopphalda i KFOR-styrken i Kosovo og seinare i ISAF-styrken i Afghanistan gjorde at Hans Bjarne kort tid etter operasjonen tok kontakt med forsvaret.

– Eg måtte ta kontakt fleire gongar for å i det heile tatt å få svar på om dei hadde motteke brevet mitt.

Noko svar på spørsmåla han hadde, om kva den tidlegare arbeidsgjevaren visste og kva det kunne vera han vart utsett for i Kosovo eller Afghanistan, kom aldri. Sjølv om han fekk hjelp til å purra av Ombodsmannen for Forsvaret.

– Det er rart å ikkje få tilbakemelding. Du lurar jo rett og slett på om dei ikkje vil svara eller om dei ikkje har noko svar, fortel 31-åringen.

Det er først etter at NRK tok kontakt med Forsvaret har han fått vita noko.

– Om det er andre som kan ha fått fysiske seinskadar, så håpar eg dette kan verta avdekka. Eg er redd for at fleire kan gå rundt med symptom utan å vita det.

Les også:

Denne målaren skulle gje svar på kva Hans Bjarne vart utsett for

– Det er ein alvorleg svikt at Hans Bjarne ikkje fekk svar

Tilbake til kvardagen

Snart to år etter at sjokkbeskjeden om hjernesvulsten kom, ser Hans Bjarne på seg sjølv som frisk. Han går til årlege kontrollar for å sjå til at svulsten ikkje kjem tilbake.

Den endelege beskjeden om at livet er tilbake til normalen fekk han torsdag i førre veke. Då utførte han eit testdykk som stadfestar at han kan gå tilbake til jobben som yrkesdykker.

– Det var vel eit år der eg ikkje kunne utføra jobben min, men no er dette i boks, seier han letta.

Tilbake til kvardagen

Snart to år etter at sjokkbeskjeden om hjernesvulsten kom, ser Hans Bjarne på seg sjølv som frisk. Han går til årlege kontrollar for å sjå til at svulsten ikkje kjem tilbake.

Den endelege beskjeden om at livet er tilbake til normalen fekk han torsdag i førre veke. Då utførte han eit testdykk som stadfestar at han kan gå tilbake til jobben som yrkesdykker.

– Det var vel eit år der eg ikkje kunne utføra jobben min, men no er dette i boks, seier han letta.



TESTDYKK: Hans Bjarne er i ferd med å gjennomføra testdykket som gjer at han kan gå tilbake til jobben som yrkesdykker.

Likevel har 31-åringen eit behov for å fortelja om sjukdommen og korleis han vart møtt då han kontakta Forsvaret i ettertid.

– Om det er tilfelle at det var radioaktivitet eller sambandsutstyret me brukte som utløyste dei plagene eg fekk, så er eg redd for at det kan visa seg at det er fleire. Forsvaret må ta dette meir på alvor.

<http://www.nrk.no/hordaland/forsvaret-beklagar-seint-svar-1.10865310>



FEKK ALDRI SVAR: Først då NRK tok kontakt med Forsvaret etter over eitt og eit halvt år fekk Hans Bjarne svar på spørsmåla han stilte til Forsvaret.

– Det er ein alvorleg svikt at Hans Bjarne ikkje fekk svar

Forsvaret beklagar at dei ikkje svarte på uromelding etter at tidlegare KFOR -soldat fekk hjernesvulst.

Publisert 08.01.2013, kl. 19:17 Oppdatert 08.01.2013, kl. 19:18

Den tidlegare FN-soldaten Hans Bjarne som bur på Askøy vest for Bergen fekk i 2011 påvist ein svulst på hjernen. Etter samtal med kirurgen som opererte han fryktar 31-åringen at årsaka kan vera radioaktiv stråling frå utanlandsoppdrag i Kosovo og Afghanistan i første halvdel av 2000-talet.

31-åringen tok kontakt med Forsvaret for å få svar på om stråleåraren han hadde brukt som KFOR-soldat i Kosovo hadde vist unormale stråleverdiar. Han stilte òg spørsmål om det var andre av dei som hadde tenestegjort i utlandet i same periode som hadde fått liknande svulstar eller andre symptom på alvorleg sjukdom.

[Men han fekk ikkje svar.](#)

– Eg kan ha vore ein av dei første som kan stå fram etter å ha fått ein svulst som dette, så dette må dei ta alvorleg, seier den tidlegare FN-soldaten.

– Alvorleg svikt

– Det som har hendt her er ein alvorleg svikt, seier brigader Dag Hjelle som er sjef for medisinsk avdeling i Forsvarets Sanitet.

– Henvendelsen hans blei gjennomgått av lege ved poliklinikk, som fann at han hadde fått den helsehjelpa han hadde behov for eller krav på. Så fekk han ikkje tilbakemelding, og det er her det har hendt ei alvorleg svikt, seier Hjelle.

Kvífor har de ikkje lagra data, som er relevant for soldatanes helse?

– Vi gjorde ei risikovurdering i forhold til Kosovo, der vi ville undersøke om det var radioaktiv stråling. Vi sende med ingeniørgrupper med den første styrken, og fann at det var mykje mindre stråling enn først antatt. Då fokuserte vi på andre område der behovet var større, svarar Hjelle.

– Vi kan ikkje sjå at man har tapt noko på å ikkje ta vare på målingane frå dosimeter. Vi har vurdert skadeproblematikken kontinuerleg og undersøkt soldatar. Vi har ikkje funne noko i vårt materiale som tyder på at vi tok feil, seier Hjelle.

Likevel blir data i dag tatt vare på i eit register, som vil gje data over tid.

http://www.nrk.no/hordaland/malte-straling_-lagra-aldri-funna-1.10864437



STRÅLEMÅLAR: Ein slik strålemålar bar Hans Bjarne då han tenestegjorde i Kosovo. I dag veit ikkje Forsvaret kva strålenivå som vart registrert på målaren.

Denne målaren skulle gje svar på kva Hans Bjarne vart utsett for

Forsvaret brukte 69 millionar på å kjøpa inn strålemålarar til soldatane sine. Resultata vart aldri lagra.

Publisert 08.01.2013, kl. 19:17

Då Hans Bjarne (31) og andre KFOR-soldatar reiste til Kosovo i 2001 vart dei utstyrt med såkalla dosimeter, strålemålarar som skulle registrera strålemengdene soldatane vart utsett for under opphaldet.

– Eg tenkte at dette var ein del av det som skulle ta seg av tryggleiken vår, som alt det andre personlege utstyret me hadde med oss, seier Hans Bjarne. Særleg meir tenkte han ikkje over dosimeteret han bar rundt halsen.

Seinare er det dokumentert at det radioaktive stoffet uran vart brukt i panserbrytande prosjektilar under krigføringa i det tidlegare Jugoslavia.

[Gav radioaktiv stråling i Kosovo Hans Bjarne hjernesvulst?](#)

– Lagra ikkje informasjonen

Etter at Hans Bjarne ti år seinare fekk påvist hjernesvulst var informasjonen langt meir interessant. Han bad Forsvaret om å få svar på kva strålenivå han vart utsett for under opphaldet i Kosovo.

Svaret frå Forsvaret måtte han venta lenge på. Men etter at NRK tok kontakt med Forsvaret i samband med denne saka kom svaret.

– Eg fekk ikkje strålingsdata fordi dei ikkje hadde lagra informasjonen, seier Hans Bjarne i dag.

At det tok så lang tid å få det svaret frå Forsvaret skuffar den tidlegare soldaten.

– Det er for dårleg mot oss som har tenestegjort når ein ikkje ein gong får tilbakemelding når ein tar kontakt. Det er jo rart å ikkje få tilbakemelding. Du lurar jo rett og slett på om dei ikkje vil svara eller om dei ikkje har noko svar, seier den no 31 år gamle yrkesdykkaren.

– Er fekk ikkje noko svar før NRK tok kontakt med forsvaret, seier han.

– Det er ein alvorleg svikt at Hans Bjarne ikkje fekk svar

Forsvaret beklagar

Forsvaret brukte 69 millionar kroner på strålemålarane til soldatane. Omlag 7000 KFOR-soldatar nytta dosimetera i Kosovo.

I eit brev til Hans Bjarne som vart sendt i starten av desember, mange månader etter operasjonen i april, kom svaret frå Forsvarets sanitet.

– Forsvarets sanitet vil beklaga den seine sakshandsaminga du har opplevd, og me vil gjennomgå rutinane våre for at dette skal skje igjen, skriv saniteten.

Forsvaret vedgår at bruken av strålemålarane ikkje var optimal.

– Bruken av personleg dosimeter på første halvdel av 2000-talet var ikkje implementert på ein god nok måte, skriv dei.

Dei har gått gjennom journalen til Hans Bjarne utan å finna data for dosimeteret han brukte medan han tenestegjorde for KFOR.

– KFOR-soldatane skulle i utgangspunktet ikkje ha med seg strålemålarar til Kosovo, fordi ein ikkje vurderte at det var noko trugsmål mot soldatane, seier oberstløytnant Per Inge Ohrstrand, til NRK.no.

Men i ettertid er Forsvaret kjend med at ein eller fleire av dei siste kontigentane likevel hadde det.

– Men dette vart ikkje registrert, så me kan ikkje slå fast i dag kva KFOR-soldatane vart utsett for eller ikkje, seier Ohrstrand.

Forsvaret understrekar at det frå 2009 er utvikla nye rutinar for bruken av strålemålarar, og at ein i etterkant av dette kan forventa betre rutinar.

Har ikkje registrert fleire svulstar

Forsvaret understrekar at dei ikkje har registrert andre tilfeller av svulstar frå dei som tenestegjorde i utlandet i første halvdel av 2000-talet, men kan heller ikkje utelukke at det finst tilfeller.

Hans Bjarne håpar det at han står fram kan hjelpe andre.

- Fordi eg vil at kollegaar som har vore ute, gjerne i fleire kontigentar enn meg, skal vera merksame på alle små symptom og tar dette alvorleg.

<http://www.nrk.no/hordaland/--mott-av-byrakrativegg-i-forsvaret-1.10865636>



VETERAN: Hans Bjarne tenestegjorde for Noreg både i KFOR-styrken i Kosovo og seinare i ISAF-styrken i Afghanistan. I etterkant har han fått lite hjelp av Forsvaret.

Meiner Forsvaret sitt byråkrati stoppar hjelp til veteranar


300 krigsveteranar ventar på behandling i Statens Pensjonskasse. Årsaka er at dei vert møtt av ein vegg av byråkrati i Forsvaret, meiner veteranforbund.

Veteranforbundet Siops reagerer kraftig på saken til ein tidlegare soldat som aldri fekk svar på uromeldingane han sendte til Forsvaret etter å ha tenestegjort i utlandet.

– Foyer seg inn i rekka

– Det er så beklageleg, men det foyer seg diverre inn i rekka av saker, seier talsmann Anders Grindaker i Veteranforbundet Siops.

NRK fortalte i går at ein tidlegare FN-soldat prøvde i halvanna år å få ut stråleinformasjon frå Forsvaret, utan å få svar. Ti år etter å ha tenestegjort i Kosovo oppdaga soldaten Hans Bjarne at han hadde ein stor svulst på hjernen.



REAGERER: Anders Grindaker i Veteranforbundet Siops.

Foto: Ana Leticia Sigvartsen / NRK

LES HEILE SAKA: Fekk Hans Bjarne svulst av stråling i Kosovo?

Legen meinte svulsten oppsto samtidig som 31-åringen tenestegjorde for FN. Men då han ville få svar på kva stråling han vart utsett for i utlandet, stoppa det opp. Forsvaret har ikkje svart på breva Hans Bjarne har sendt.

- *Har du opplevd liknande historier? Ta kontakt med NRK sin journalist her.*

Fleire hundre ventar svar

Den 31 år gamle dykkaren er diverre ikkje alleine, fortel Siops. Saka til Hans Bjarne er berre av mange veteranforbundet viser til.


Hundrevis av krigsveteranar vert ifølgje Siops møtt av ein vegg av byråkrati i Forsvaret. Dei slit med å få ut informasjon, og berre i Statens Pensjonskasse ligg 300 saker på vent grunna sein saksbehandling.

Dette er eit hån mot dei som har tent landet, meiner Grindaker i Siops.

– Det er jo med undring vi konstaterer at det ikkje er vilje til å svara på den type kontakt. Det gjelder trass alt kvar enkelt sin helse, seier han.



VENTAR SVAR: Hans Bjarne vil veta kva stråling han vart utsett for som FN-soldat.



SOM EIN TENNISBALL: Denne svulsten vart oppdaga i hjernen til Hans Bjarne. Spørsmålet er om den kan skuldast stråling under teneste i utlandet.

– Vi risikerer liv og helse

Hans Bjarne vart sjukemeld då han ikkje lenger kunne gjere jobben sin. Dykkarinstruktøren busett på Askøy utanfor Bergen visste ikkje kva som var gale – og vart sendt til hjerneskanning av bedriftslegen. På Haukeland universitetssjukehus oppdaga dei ein kreftsvulst like stor som ein tennisball.

31-åringen er lite imponert over kva hjelp han har fått til å finne ut kva han vart utsett for av stråling i Kosovo.

– Vi risikerer liv og helse ved å reise ut, og kan i det minste forventa å bli teke seriøst i ettertid, seier Hans Bjarne.

LES OGSÅ: [Stråleutstyr skulle gje svar, men resultata vart aldri laga](#)

Forsvaret: – Ein glipp

Fungerande sjef for Forsvarets sanitet, Dag Hjelle, seier at saka til Hans Bjarne er ein glipp.

– Det som har skjedd her er ein alvorleg svikt i våre interne rutinar, [sa Hjelle til NRK i går](#).

Men ifølgje Grindaker i veteranforbundet er dette tilfellet er regelen – ikkje unntaket.

– **Då kan det forstå slik at det å ta vare på sine soldatar, berre gjeld når dei er inne til teneste og ikkje i ettertid, seier han.**

<http://www.nrk.no/hordaland/for-lite-kunnskap-om-utarma-uran-1.10867859>



VEIT LITE OM UTARMA URAN: Hans Bjarne (t.v.) sende uromeldingar til Forsvaret om mogleg stråling i Kosovo. Pensjonert professor Vidar Lehmann (h. øvst) meiner mange uttalar seg for bastant om korleis uran påverkar helsa. Professor Randall R. Parrish meiner ein manglar kunnskap om eksponering for utarma uran.

Foto: Privat / Trude Bakke - NRK / NERC Isotope Geosciences Laboratory

– Undersøkinga som kunne fortald kva utarma uran kan ha gjort med soldatane vart aldri utført

Forskarar meiner ein veit for lite om eksponering av utarma uran i krigsområde.

Publisert 10.01.2013, kl. 21:08

– Mange trekkjer konklusjonane om utarma uran før siste ord er sagt, meiner den pensjonerte professoren Vidar Lehmann.

Denne veka har NRK fortald om den tidlegare soldaten Hans Bjarne frå Askøy. Den tidlegare yrkessoldaten fekk aldri svar frå Forsvaret då han sende ei uromelding etter at han fekk påvist ein hjernesvulst i 2011.

Eit av spørsmåla den tidlegare KFOR- og ISAF-soldaten har stilt seg er om svulsten kan skuldast at han vart utsett for utarma uran, eller andre typar stråling frå tida då han tenestegjorde i Kosovo og Afghanistan på starten av 2000-talet.

Forsvaret lagra ikkje stråledata som vart registrert på strålemålaren soldaten bar under tenesta i Kosovo .



FEKK ALDRI SVAR: Hans Bjarne fekk ikkje svar på uromeldinga si før NRK kontakta Forsvaret om saka.

«Måla som amerikanarane angreip med utama uran vart gjennomgått, men me fann aldri høge stråleverdiar ved desse måla.»

PER INGE OHRSTRAND, OBERSTLØYTNANT FORSVARET

– Mykje ein ikkje veit

Professor ved universitetet i Leicester Randall R. Parrish har vore med på fleire større forskingsarbeid om bruken av utarma uran i panserbrytande ammunisjon, og om bruken har fort til helsekadar for soldatane.

Ei studie der dei testa 500 frivillige, der fleire meinte dei hadde vorte eksponert for utarma uran, viste ingen spor av utarma uran i kroppane deira.

Men Randall meiner likevel at forskingsarbeida som kunne gitt dei verkelege svara aldri er utførde.

– Problemet er at det aldri er gjort ei studie av kor lenge utarma uran vert verande i kroppen etter at ein har pusta det inn. Me veit heller ikkje kor utbreidd støv og gass av utarma uran verkeleg er i eit krigsområde, seier den britiske professoren



HAR FORSKA: Professor Randall R. Parrish meiner ein manglar kunnskap om eksponering for utarma uran.

Foto: NERC Isotope Geosciences Laboratory

Finkorna partiklar

Utarma uran er effektivt som panserbrytande ammunisjon grunna den høge eigenvekta. Samanlikna med uran er utarma uran relativt lite radioaktivt. Sjølv om ein til no ikkje har funne tydelege svar på negative helseeffektar hjå soldatar meiner Parrish likevel at ein må ta utarma uran på alvor.

Når utarma uran treff ei anna flate vert det utvikla kraftig varme og ein del av det utarma uranet vil brenna og det vert dannar små partiklar som ein kan pusta inn.

– Mi meining er at utarma uran er farleg, men det er berre ein fare når det er ei viss eksponering, seier Parrish.



TVILAR PÅ EKSPONERING: Oberstløytnant Per Inge Ohrstrand meiner det er lite truleg at norske soldatar vart utsett for utarma uran i Kosovo.

– Norske soldatar vart neppe eksponert


– I samband med oppdragene i Kosovo er det lite truleg at soldatane vart utsett for ioniserande stråling, fordi Forsvaret på førehand kartla dette i Kosovo, seier oberstløytnant Per Inge Ohrstad i Forsvaret.

Ohrstad seier Forsvaret kartla områda dei norske soldatane skulle til på førehand. Han understrekar at det ikkje var særskild frykt for stråling som gjorde at soldatane i KFOR-styrkane etter kvart vart utstyrde med strålemlåalarar.

– Dei måla som amerikanarane angreip med utama uran vart gjennomgått, men me fann aldri høge stråleverdiar ved desse måla, seier Ohrstad.

– Mange uttalar seg for bastant

Vidar Lehmann, som er pensjonert professor ved Haukeland universitetssjukehus, har delteke i statistiske studiar der ein har sett på eventuelle helseplager hjå norske soldatar som deltok i den første Guldkrigen.



– VEIT FOR LITE: Vidar Lehmann meiner ingen bør uttala seg skråsikkert om helsekonsekvensane av utarma uran.

Han uttalar seg ikkje med bakgrunn i desse konkrete kommentarane frå forsvaret, men meiner ein veit for lite til å trekkja bastante slutningar om korleis utarma uran påverkar helsa til soldatar.

– Etter mi meining manglar ein forsking både på store massive langtidsstudiar av folk som har vore eksponert i felten. Ein manglar og grundige eksperimentelle undersøkingar, av naturvitenskapleg art, seier Lehmann som også har bakgrunn som lege i FN sine fredsbevarande styrkar.

– Siste ord er ikkje sagt

Han meiner mangelen på klare svar i forskinga gjer at enkelte ufarleggjer utarma uran.

– Det er ein fare for at offentlege styresmakter trekkjer konklusjonane før siste ord er sagt. Og siste ord er ikkje sagt når det gjeld utarma uran, seier den pensjonerte professoren.

Det at utarma uran er mindre radioaktivt enn til dømes uran treng ikkje å bety at utarma uran ikkje kan vera helseskadeleg for eksponerte soldatar.

– Det som er hevda i seinare år er at utarma uran som er inne i kroppen kan oppföra seg annleis enn radioaktivitet som er utanfor kroppen. Utarma uran består mellom anna av uran-238 som skil ut alfastrålar, som er korte i avstand. Og korleis desse ter seg når dei er inne i kroppen eller inne i ei celle er ikkje skikkeleg avklara, seier Lehmann.

http://www.nrk.no/hordaland/_--jeg-har-ogsa-tenk-pa-straling-1.10868229



VIDEO: Mistet sønnen sin da han døde av hjernesvulst. Han har også tjenestegjort i Kosovo.

– Jeg har også tenk på strålingen

Gerd Jacobsen fra Årdal mistet sønnen sin for tre år siden, da han døde av en hjernesvulst. Hun har lurt på om stråling i Kosovo kunne være årsaken til at han ble syk.

– I mai var han ikke mer. Da var han borte, forteller Gerd Jacobsen.

Sønnen Geir ble syk året etter at han kom hjem fra Kosovo. Etter flere år med kreft døde han i mai 2010.

NRK fortalte tirsdag historien om den tidligere FN-soldaten som fikk hjernesvulst, og Forsvaret som ikke lagret data fra strålemåleren han bar rundt halsen.

– Da jeg så hans historie på TV, gikk det veldig inn på meg. Jeg har også tenkt på stråling. Han der må jeg snakke med, forteller hun.

Snakket om strålingen

Flere tidligere FN-soldater har kontaktet NRK de siste dagene. Også de har fått påvist hjernesvulst etter endt tjeneste i utlandet. Fellesnevneren for dem alle er at de har tjenestegjort i Kosovo.

I bakken der lå utarmet uran fra NATO-bomber, et omstridt stoff som fagfolk mener kan være helseskadelig.

Da sønnen til Gerd var i Kosovo snakket han til henne om stråling.

– Han fortalte at han hadde sittet i en bunkers under jorden. Han nevnte at det sikkert var mye stråling der, siden de ikke engang kunne ha på telefonen der, forteller hun.

Les også: Meiner Forsvaret sitt byråkrati stoppar hjelp til veteranar



Strålemåler: Forsvaret brukte 69 millioner på å kjøpe inn strålemålere til soldatene sine. Resultatene ble aldri lagret.

Foto: NRK/Privat

– Tenk at de ikke lagret dataene

Soldatene som tjenestegjorde i Kosovo ble utstyrt med dosimeter, strålemålere som skulle registrere om de ble utsatt for radioaktivitet. Men resultatene ble aldri lagret.

– Jeg trodde jo at de lagret målingene. Tenk at det ikke ble gjort. Da kan man begynne å lure, sier Gerd Jacobsen.

– Jeg tenker nå at sønnen min kanskje kunne ha vært reddet om han hadde hatt mer beskyttelse mot stråling, sier hun.

Les også: Eriksen Søreide: - Ei trist historie, men dessverre ikkje unik



INGEN SAMMENHENG: Dag Hjelle i Forsvarets sanitet sier det ikke er grunn til bekymring for en sammenheng mellom sykdomstilfellene.

Foto: Junge, Heiko / NTB scanpix

– Man blir bekymret

En annen som har kontaktet NRK er «Roger». Han vil være anonym, fordi han er redd for konsekvensene dersom han står fram. Han fikk også en svulst i hodet etter endt utenlandsoppdrag i Kosovo.

– Jeg hadde en svulst i bakhodet. Den var godartet og vokste ikke, og derfor lot legen den være. Da den etter en stund begynte å verke, fjernet de den, forteller han.

Han tenkte ikke den gang at det kunne ha noen sammenheng med utenlandsoppholdet, men etter å hørt Hans Bjarne sin historie, tenker han annerledes. Han har fått enda en kul i hodet, og lurer nå på om den kan være farlig.

– **Forsvaret burde sjekke opp bedre om det var en sammenheng, eller i hvert fall kunne hjelpe oss som sitter her ti år etter, og fortsatt har en kul i hodet, sier han.**

– Ingen grunn til bekymring

Forsvaret slår fast at det ikke er gjort langtidsforskning på utarmet uran, men ser likevel ingen grunn til å se sykdomstilfellene i sammenheng.

– **Slik som situasjonen er i dag har vi ingen indikasjon på at noen norske soldater var utsatt for stråling utover bakgrunnsnivå. På bakgrunn av det vi vet i dag, er det ingen grunn til å bekymre seg, sier fungerende sjef i Forsvarets sanitet, Dag Hjelle.**

Les også: – Undersøkinga som kunne fortald kva utarma uran kan ha gjort med soldatane vart aldri utført



FIKK HJERNESVULST: Hans Bjarne fikk hjernesvulst noen år etter at han kom hjem fra utenlandstjeneste i Kosovo.

Skal helsesjekke Kosovo-soldater

Forsvaret skal nå sjekke tidligere KFOR-soldater opp mot ulike helseregistre, for å se om unormalt mange har blitt syke.

Publisert 11.01.2013, kl. 19:41 Oppdatert 11.01.2013, kl. 19:51

Hans Bjarne reiste denne uken et stort spørsmål, etter at han tidligere [fikk påvist hjernesvulst](#).

– **Hva har gjort det? Hva har jeg blitt eksponert for?** spør Hans Bjarne, da NRK treffer ham.

Og det er det Forsvaret nå skal prøve å finne ut av. 3 500 norske menn og kvinner tjenestegjorde i Kosovo, og flere av dem har fått hjernesvulst.

Strakstiltak i Forsvaret


Forsvaret setter foreløpig i gang følgende tiltak:

- Forsvarets helseregister blir koblet mot sivile helseregistre for å se om det er overhyppighet av sykdom
- Informasjon skal innhentes fra allierte i Kosovo
- Veteranjenesten øker bemanningen og utvider åpningstiden for vakttelefon

Forurensing og radioaktivitet i Kosovo

Det var sterk forurensing og radioaktivitet, og i bakken lå utarmet uran fra NATO-bomber. Dette er et omstridt stoff som fagfolk mener kan være helseskadelig.

– Det siste ordet er ikke sagt om utarmet uran sin biologiske virkning, sier tidligere lege for FN-styrkene, Vidar Lehmann til NRK.



KAN VÆRE HELSESKADELIG: – Siste ord er ikke sagt om uran sin biologiske virkning, sier tidligere lege for FN-styrkene, Vidar Lehmann.

Foto: NRK



SKAL SNU ALLE STEINER (VIDEO): Generalmajor Robert Mood sier til NRK at Forsvaret tar veteranene på alvor, og at alleopplysninger skal behandles ut fra et føre-var-prinsipp.

Vil ha omfattende kartlegging

Derfor vil veteranene ha en mer omfattende kartlegging, slik som Forsvaret gjorde i etterkant av Guldkrigen.

– Med bakgrunn i det som nå kommer tilbake til Forsvaret, må man kanskje gå i gang med en større undersøkelse, sier Odd Helge Olsen, fra Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner.

<http://www.nrk.no/hordaland/vil-snart-ha-svar-til-veteranene-1.10874039>



VIL HA SVAR: Tidligere KFOR-soldat Hans Bjarne fikk en kreftsvulst på størrelse med en tennisball. Han vil ha svar på om svulsten kan ha sammenheng med utenlandstjenesten i Kosovo.

Graver enda dypere for å svar på om soldater ble utsatt for stråling

I dag varslet forsvarsministeren ytterligere tiltak for å avklare om norske Kosovo-veteraner har blitt utsatt for stråling i Kosovo.

Publisert 15.01.2013, kl. 20:57 Oppdatert 16.01.2013, kl. 07:40

Forsvarsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen setter nå en tidsfrist på når de første svarene på hva norske Kosovo-soldater ble utsatt for vil komme.

Hun skal komme til bunns i om det har vært unormalt mange krefttilfeller blant nordmenn som tjenerstegjorde i NATO-styrken i Kosovo.

Flere veteraner står frem

– Nå har det blitt reist spørsmål på om det er flere krefttilfeller blant Kosovo-veteraner enn blant befolkningen for øvrig. Det er viktig å få undersøkt om det er slik, og den første undersøkelsen håper vi å få klar om tre måneder, sier Strøm-Erichsen til NRK.no.

I dag møtte ministeren representanter for toppledelsen i Forsvaret. Der snakket de om Kosovo-veteranene og deres familier som har stått frem i NRK de siste dagene.

Veteranene har fortalt om hjernesvulster og helseplager og vil ha svar på om det kan knyttes til tjenesten i Kosovo på tidlig 2000-tall. I dag forteller en ny veteran om sitt tilfelle. Gard Erlend Roland har fått en hissig hjernesvulst og en kreft han aldri vil bli kvitt.

- **Vet du noe om saken eller kjenner andre som har opplevd lignende? Ta kontakt med NRKs journalist!**

LES MER: FN-veteran fikk hissig hjernesvulst

Nye tiltak

Til NRK sier Strøm-Erichsen at hun nå vil sette i verk flere tiltak for å få svar på norske soldaters helserisiko i Kosovo.

– Det dreier seg om en kartlegging av stridsrelaterte hendelser, eller miljøpåvirkning som soldater i felten kan ha vært utsatt for. Vi skal gå lengre tilbake i tid, nettopp for å få samle alle data som kan ha påvirkning på soldatenes helse, sier hun.



NYE TILTAK: Forsvarsministeren vil gå enda lengre tilbake i tid for å finne ut om utenlandstjeneste kan knyttes til norske soldaters helseplager.

Foto: Solum, Stian Lysberg / NTB scanpix

Forsvaret har allerede varslet at [de skal kryssjekke soldater](#) opp mot ulike helseregistre. I tillegg skal de ta kontakt med andre allierte for å få informasjon og data om stråling i Kosovo.

Forsvarsledelsen sier de skal gjøre alt de kan for å få fakta på bordet. Men forsvarstoppene sier de ikke har feilvurdert helserisikoen for norske soldater i Kosovo.

– Vi gjorde gode nok risikovurderinger. På det tidspunktet mener jeg også våre tilrådinger på forhånd var gode nok, sier John Maxfield Steineger, sjef for Forsvarets sanitet.

<http://www.nrk.no/hordaland/forsvaret-i-mote-kosovo-veteran-1.10881818>



GOD DIALOG: Både veteraninspektør Robert Mood (t.v) og Hans Bjarne var fornøyde med møtet.

Foto: Jørgen Eide

– Jeg sitter igjen med en god følelse

Tidligere Kosovo-soldat Hans Bjarne ble kalt inn til møte med veteraninspektøren i Forsvaret. – Det var et veldig positivt møte, forteller han.

Publisert 22.01.2013, kl. 18:55

– Vi hadde en god dialog. Jeg er spent på å følge de konkrete tiltakene Forsvaret sier at de nå skal gjennomføre, sier Hans Bjarne i det han kommer ut fra møtet med den øverste sjefen for veteranene i Forsvaret, Robert Mood.

– Jeg fortalte Mood min historie, og hva jeg har gått gjennom. Han har informert meg om tiltak som skal iverksettes, mye på bakgrunn av denne saken, forteller den tidligere Kosovo-soldaten.

– Ville høre historien med hans ord

Hans Bjarne [fikk en svulst på hjernen](#) noen år etter at han tjenestegjorde i Kosovo. Han har stilt spørsmål om svulsten kan skyldes stråling fra utarmet uran under utenlandsoppholdet.

Veteranen sendte flere bekymringsmeldinger til Forsvaret, [uten å få noe svar](#). Etter at veteraninspektør Robert Mood hørte hans historie, innkalte han Hans Bjarne til et møte.

– Jeg ønsket å høre historien hans med hans egne ord. Han er en kollega som har en historie som kan gi oss lærdom når vi jobber videre med slike typer saker, sier Mood.

– Historien til Hans Bjarne er uttrykk for at tjenestegjøring på Balkan kanskje er noe vi bør se nærmere på., legger han til.

Les også: [Skal helsesjekke Kosovo-soldater](#)

Skal se nærmere på risikoene

I forkant av møtet var Hans Bjarne spent på hva veteraninspektøren ønsket å vite, hvordan han tenker veien videre, og hva han kan gjøre i denne saken.

– Hans Bjarne veldig opptatt av at aktuelle risikoer som han kan ha vært utsatt for, både på Balkan og i sin tjeneste i Forsvaret, blir holdt øye med. Slik har man mulighet til å treffe tiltak, dersom man ser om det er risikoer som må tas mer alvorlig. Dette skal vi nå iverksette helt spesifikt, sier Mood.

I etterkant av møtet med veteraninspektøren sitter Hans Bjarne igjen med følelsen av at Forsvaret tar saken hans alvorlig.

– Jeg har fått inntrykk av at de er veldig interessert i å ta vare på veterenane etter endt utenlandstjeneste. Jeg sitter igjen med en god følelse, og det var et positivt møte for meg personlig, sier Hans Bjarne.

http://www.nrk.no/norge/_ikke-flere-krefttilfeller-1.11014812



Se intervju: Forsvarsminister Anne Grete Strøm-Erichsen : Det er viktig å følge med på helsetilstanden til norske soldater

– Ikke flere krefttilfeller hos Kosovo-veteraner

– Det er ikke flere krefttilfeller hos Kosovo-veteraner enn hos den norske befolkningen ellers. Det er heller ikke økt hyppighet av selvmord blant soldater som har vært i Afghanistan, viser en ny undersøkelse.

Publisert 06.05.2013, kl. 10:11 Oppdatert 06.05.2013, kl. 10:56

Mandag formiddag la Forsvaret fram rapporten «Helse for stridsevne 2013». Rapporten er den første oversikten over helsetilstanden til Forsvarets personell og skal heretter legges fram en gang i året.

- **[Les hele rapporten her](#)**

NRK har blant annet fortalt om [Hans Bjarne](#) som sendte en bekymringsmelding til Forsvaret etter at det ble oppdaget at han hadde en hjernesvulst.

Mistanke om at det kunne være en sammenheng mellom hjernesvulsten og utenlandsopphold i KFOR-styrken i Kosovo og senere i ISAF-styrken i Afghanistan, gjorde at Hans Bjarne tok kontakt med forsvaret.

Flere veteraner har tatt kontakt med NRK etter å ha hørt Hans Bjarnes historie. Også de har blitt syke med svulst på hjernen.

Sammenlignet med tall i Kreftregisteret

Forsvaret har levert fra seg opplysninger om de norske soldatene i Kosovo til Kreftregisteret som har sammenlignet helseopplysningene med tall for den norske befolkningen forøvrig.

– Tallene som ble lagt fram mandag viser at det ikke er noen forskjell på dem som har vært i Kosovo og befolkningen ellers, sa overlege Einar Kristian Borud på Forsvarets pressekonferanse.

Han sa at dette også gjaldt flere forskjellige former for kreft.

– Jeg syns det har vært viktig å få undersøkt denne saken, sier forsvarsministeren til NRK.

Ikke flere selvmord

Ifølge forsvarsminister Anne Grete Strøm-Erichsen kartlegger rapporten for første gang hvor mange Afghanistan-veteraner som har tatt sitt eget liv.

Ifølge Pårørendegruppa for FN- og NATO-veteraner har flere enn **200 norske soldater og offiserer tatt livet sitt i løpet av de siste 30 årene**.

Rundt 7700 personer har tjennestegjort i Afghanistan de siste årene. I denne gruppen er det registrert fire selvmord.

– Heller ikke her er det registrert noen overhyppighet av selvmord, sa Einar Kristian Borud.

Anne Grete Strøm-Erichsen sier det er viktig å følge opp veteranene og sier at det er viktig at oppfølgingen varer over år.

Siden 1947 har Norge deltatt med flere enn 120.000 menn og kvinner i over 40 forskjellige utenlandsoppdrag. I 2011 ble det lagt fram en plan for hvordan veteranenes rettigheter skulle styrkes, i løpet av utgangen av 2013 skal alle punktene være igangsatt.

Vedlegg:

Eg har valt å legge ved lenkjer til noko av dei rapportane, artiklane og nettsidene eg las i arbeidet med saka:

<http://rapporter ffi.no/rapporter/2001/04471.pdf>>
<http://www.nrpa.no/dav/8f548b1dd5.pdf>
<http://www.telegraph.co.uk/news/uknews/1313476/MoD-knew-of-ammo-risks-for-10-years.html>
<http://news.bbc.co.uk/2/hi/science/nature/1867138.stm>
<http://www.iacenter.org/depleted/appeal.htm>
<http://forsvaret.no/veteraner/informasjon/helse/Sider/default.aspx>
<http://forsvaret.no/omforsvaret/organisasjon/fsan/Documents/helse for stridsevne.pdf>
http://wildclearing.com/Depleted_Uranium_Article-Parrish-etal.pdf
<http://tux1.aftenposten.no/nyheter/uriks/d184064.htm>
<http://www.dagbladet.no/nyheter/2001/01/08/235858.html>
<http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/fd/Nyheter-og-pressemeldinger/Nyheter/2013/forsvaret-sjekker-fn-veteraner-mot-helse.html?id=711970>